

Notat om kommuneøkonomien 2026 – Vestland

Utvikling i resultat frå 2024 til 2025

Dei økonomiske resultatene i 2025 var for kommunane samla i Vestland betre enn i 2024. Talet på kommunar i fylket med negativt netto driftsresultat, vart redusert frå 22 kommunar i 2024 til 18 kommunar i 2025.

Netto driftsresultat for kommunane samla i Vestland utanom Bergen var i 2024 - kr 452 mill. Tilsvarande resultat for 2025 for kommunane utanom Bergen var + kr 163 mill. Det utgjør ei styrking av netto driftsresultat med nærare kr 615 mill. frå 2024 til 2025.

For Bergen kommune vart netto driftsresultat auka frå - kr 715 mill. i 2024 til + kr 325 mill. i 2025. Dette utgjør ei styrking av netto driftsresultat med nærare kr 1040 mill. frå 2024 til 2025.

Netto driftsresultat i 2025 for kommunane samla i Vestland var + 0,6 prosent av driftsinntektene, fordelt med + 1,0 prosent for Bergen og + 0,4 prosent for kommunane samla utanom Bergen. Samla resultat er difor positivt (over null), men likevel på eit relativt lågt nivå. Resultat er lågare enn det tilrådde minstenivået (1,75 prosent), både for Bergen og for dei andre kommunane i Vestland samla.

Utvikling disposisjonsfond

Låge netto driftsoverskot samla i 2025 har bidrege til at sum disposisjonsfond ikkje er auka frå 2024 til 2025. For Bergen kommune er disposisjonsfond om lag uendra frå utgangen av 2024 til utgangen av 2025, kr 2,87 mrd. For kommunane samla utanom Bergen er disposisjonsfond redusert frå om lag kr 4,3 mrd. ved utgangen av 2024 til om lag kr 4,1 mrd. ved utgangen av 2025. Hovudårsakene til denne utviklinga i disposisjonsfond frå 2024 til 2025 er:

- netto driftsoverskot var på eit lågt nivå i 2025
- netto driftsoverskot er delvis overført til delfinansiering av investeringar
- netto driftsoverskot er delvis sett av til bundne driftsfond

Ved utgangen av 2025 utgjør disposisjonsfond for Bergen 9,1 prosent av driftsinntektene. For kommunane samla utanom Bergen utgjør disposisjonsfond ved utgangen av 2025 9,0 prosent av driftsinntektene. I sum er dette eit tilfredsstillande høgt nivå på disposisjonsfond, men hovudutfordringa vil vere dei store skilnadene mellom kommunane.

Ved utgangen av 2024 var det 12 kommunar i Vestland som hadde under 5 prosent disposisjonsfond av driftsinntektene. Ved utgangen av 2025 var dette talet auka til 14 kommunar.

Ved utgangen av 2024 var det 8 kommunar som hadde disposisjonsfond under 3 prosent av driftsinntektene. Ved utgangen av 2025 var dette talet auka til 9 kommunar.

Det har på denne bakgrunn både i 2024 og 2025 i Vestland vore eit aukande tal kommunar som har lite disposisjonsfond, målt i prosent av driftsinntektene. Auken var særleg stor i 2024. Disposisjonsfond bør vere minst 5 prosent av driftsinntektene.

Fleire av kommunane i Vestland har likevel hatt ei styrking av disposisjonsfond frå 2024 til 2025 på grunnlag av netto driftsoverskot, men samla for kommunane var det ikkje ei styrking.

Dei aller fleste kommunane i Vestland med høge disposisjonsfond er kommunar med kraftinntekter og/eller høge inntekter frå havbruk. Nokon kommunar med mykje havbruk har også hatt høg formuesskatt. Det er ein klår samanheng mellom desse inntektene og størrelse på disposisjonsfond for dei aller fleste kommunane i Vestland.

Bakgrunnen for positiv utvikling i resultat frå 2024 til 2025

Resultata i 2025 var samla på eit relativt lågt nivå, men det var likevel ei vesentleg betring samanlikna med 2024. Det har for ein stor del samanheng med at skatteinngangen var særleg svak i 2024, både lokalt og nasjonalt. Høg skattevekst frå 2024 til 2025 bidrog til ei positiv utvikling. Samla skattevekst for kommunane i Vestland frå 2024 til 2025 var 12,5 prosent. For kommunane samla i landet var veksten 10,8 prosent.

Vi vurderer det også slik at gjennomførte tiltak og innsparingar i drifta har bidrege til den økonomisk utviklinga m.o.t. betring i resultat frå 2024 til 2025.

Året 2025 var ikkje eit år med særskilte høge utbetalingar frå havbruksfond, då det ikkje vart lagt ut nye konsesjonar for havbruk. Utbetalingane var basert på den ordinære produksjonen. Året 2024 var eit år med særlege høge utbetalingar, då det vart lagt ut nye konsesjonar. Dette bidrog til å dempe den samla inntektsveksten frå 2024 til 2025.

Utvikling i rente- og avdragsutgifter over tid - høgare lånegjeld

Kommunane har hatt ein betydeleg auke i renteutgiftene i dei siste åra, både som følge av verknad av høgare rentenivå og som følge av høgare lånegjeld. Lånegjelda er opparbeidd over fleire år. Dessutan har høgare lånegjeld også gitt høgare ordinære avdrag, som også belastar drifta og netto driftsresultat. Verknaden er likevel særleg stor for renteutgiftene.

Kommunane i Vestland utanom Bergen hadde i 2020 samla renteutgifter med om lag kr 0,75 mrd. For 2025 kan sum renteutgifter for kommunane utanom Bergen reknast til om lag kr 2,1 mrd.

Eit høgare rentenivå har også bidrege til større renteinntekter. Netto renteutgifter har i sum for kommunane utanom Bergen auka frå om lag kr 0,56 mrd. i 2020 til om lag kr 1,47 mrd. i 2025. Ordinære avdrag har i sum (utanom Bergen) auka frå kr 1,42 mrd. i 2020 til kr 1,68 mrd. i 2025.

Reelt har auken i rente- og avdragsutgifter vore noko større enn desse tala viser. Det skuldast at nokon kommunar i denne perioden har skilt verksemd som vatn og avlaup med tilhøyrande lånegjeld ut til eigne kommunalt eigde aksjeselskap. Denne lånegjelda inngår difor ikkje lenger i kommunekassa si lånegjeld, men kommunane har i staden stilt garantiansvar.

Utviklinga med større renteutgifter m.m. har belasta drifta og netto driftsresultat. Dette har auka behovet for innsparingstiltak i drifta, og frigjort mindre driftsmidlar til avsetjing fond og delfinansiering av investeringar.

Pårekna utvikling i 2026 - 2029

Vi har også i år gitt tilbakemelding på alle kommunane i fylket sine budsjett og økonomiplanar. Det gir oss eit grunnlag for å vurdere den økonomiske utviklinga framover i tid.

Det er berre nokon få kommunar som har budsjettert med netto driftsunderskot for 2026. Det var - eit år tilbake i tid - fleire kommunar i Vestland som budsjetterte med netto driftsunderskot for 2025.

Dei aller fleste kommunane har for 2026 budsjettert med netto driftsoverskot, men overskota er i hovudsak lågare enn det tilrådde minstenivået på 1,75 prosent av driftsinntektene.

For Bergen kommune er det budsjettert med netto driftsoverskot i intervallet frå 0,3 prosent til 0,6 prosent av driftsinntektene i heile økonomiplanperioden (lågast i 2027 og 2028).

Fleire av dei andre kommunane ventar noko betring i netto driftsresultat utover i økonomiplanperioden, samanlikna med nivået i budsjett 2026. Det skuldast blant anna:

-Det er pårekna større økonomisk effekt av innsparingstiltak over tid

-Rentenivået er pårekna å gå noko ned over tid. På bakgrunn av høg lånegjeld, vil eit lågare rentenivå over tid gi innsparing

-I vedtaka for økonomiplanperioden var det pårekna at det i 2026 og 2028 ville kome særskilte store utbetalingar frå havbruksfond som følgje av nye konsesjonar. Netto driftsresultat i økonomiplanane svingar med desse pårekna inntektene.

Utover i økonomiplanperioden er det stor uvisse til den økonomiske utviklinga. Uvisse vil bl.a. vere om kommunane faktisk oppnår så store innsparingar som lagt til grunn i planane, eventuelt om innsparingstiltak er tilstrekkeleg konkrete. Det vil vere uvisse til inntektsutviklinga generelt og utvikling i rentenivå m.m.

Skatteutvikling i år

Skatteoverslaget for kommunane samla i landet i år er i revidert nasjonalbudsjett auka opp med nærare kr 2,5 mrd. frå nivået i statsbudsjettet. Pårekna skattevekst i prosent frå innkomen skatt i 2025 til 2026 er auka frå 5,3 prosent i statsbudsjettet til 6,3 prosent no i revidert nasjonalbudsjett. Dette er skatt på formue og inntekt, medrekna naturressursskatt.

På den andre sia er det no i revidert NB rekna med større kostnadsvekst for kommunane enn pårekna opphavleg i statsbudsjettet. Kostnadsvekst er i hovudsak som følgje av større prisvekst for kjøp av varer og tenester. Høgare skatteinntekter og større kostnadsvekst er pårekna i hovudsak å utlikne kvarande.

Vi vil følgje med på skatteutviklinga utover i året, både lokalt og nasjonalt. Det er særleg viktig for dei kommunane som har hatt svak økonomisk utvikling i dei siste åra, at den faktiske skatteutviklinga blir god for heile året både lokalt og nasjonalt.

